

# Med fortid og nåtid – inn i framtida



Kulturminneplan  
Time kommune  
2008 – 2019

**Vedteken av Time kommunestyre 04.11.2008**







**MED FORTID OG NÅTID  
- INN I FRAMTIDA**

Kulturminneplan  
Time kommune  
2008 - 2019



## Føreord

Kulturminneplan for Time 2008 - 2019 er den første kulturminneplanen som er utarbeidd i Time kommune. Planen er ein kommunedelplan, og inngår som del av kommuneplanen. Heimelen for utarbeiding av kommunedelplanen er Plan- og bygningslova kap.VI § 20 - 1.

Planen inneheld eit plankart, kalla kulturminnekartet. Det nye i det føreliggjande kulturminnekartet er at kulturminneobjekt omtalt i SEFRÅK A vert gitt ei forsterka sikring ved føresegner om saksbehandlinga når det gjeld tiltak som rører ved desse kulturminna, jf føresegner og retningsliner i Del 2 Plan. I tillegg er det laga ein tekstdel som omtalar ulike grupper kulturminne og kva lovverk, registreringar og vurderingar som ligg til grunn for planarbeidet og valet av hovudtema/satsingsområde for kulturminnevernet i Time.

Tekstdelen munnar ut i ein fireårig tiltaksplan, som vil bli kopla til økonomiplanen ved årleg rullering. Målsettinga er at Time kommune både skal stimulera og støtta private tiltak for sikring og rehabilitering av kulturminne, og sjølv vera ein aktiv formidlar og forvaltar av faste kulturminne i kommunen.

Både kommuneplanen, økonomiplanen og regionale og statlege retningsliner legg føringer for arbeidet med kulturminne. Desse er forsøkt innarbeidde i den grad det er mogleg. Kulturminneplanen må elles sjåast i samanheng med dei andre kommunedelplanane, der kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap inngår som komponentar.

Planarbeidet har vore organisert av tenesteområde Samfunn, med støtte frå planavdelinga i Personal- og organisasjonsavdelinga. Rådmannen si leiargruppe har vore styringsgruppe. Medlemmane i kulturminnenemnda har vore referansegruppe. Det er halde informasjons- og orienteringsmøte med eiga-rane av bygg som er høgt prioriterte i planen.

Høyringsutkastet til Kulturminneplan for Time var ferdig i mars månad 2008.

Formannskapet vedtok den 03.06.2008 å leggja planforslaget ut til offentleg ettersyn.

Planen vart endeleg vedteken den 04.11.2008 i Time kommunestyre, sak 061/08

Bryne, den 06.11.2008



## INNHOLD

### DEL 1 BAKGRUNN OG PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

1.	Kva planen gjeld	Side	6
2.	Definisjonar	Side	7
3.	Mål	Side	8
4.	Prioritering av kulturminne og kulturmiljø	Side	8
5.	Satsingsområde i planperioden	Side	10
5.1.	Eldre kulturminne	Side	10
5.2.	Jærhus	Side	10
5.3.	Stasjonsbyen Bryne	Side	12
5.4.	Handverk og industri	Side	13
5.5.	Kulturlandskap/kulturmiljø	Side	15
5.6.	Eldre ferdselsårer	Side	16
5.7.	Kulturminne knytte til tru og kristenliv	Side	17
5.8.	Minnesmerke og monument	Side	18
5.9.	Formidling og tilrettelegging	Side	18

### DEL 2 PLAN

6.	Føresegner og retningsliner	Side	19
7.	Tiltaksplan	Side	21
	Plankart, kulturminnekart for Time kommune 2008 - 2019	Side	21

### DEL 3 VEDLEGG

Vedlegg 1.	Rammer for planen	Side	23
1.	Lovgrunnlag	Side	23
-	Kulturminnelova	Side	23
-	Plan- og bygningslova	Side	23
-	Naturvernlova	Side	23
2.	Ansvar for kulturminnevernet	Side	23
-	Offentleg ansvar	Side	23
-	Eigaren sitt ansvar	Side	23
3.	Forhold til andre planar	Side	23
-	Fylkesplan for Rogaland	Side	24
-	Fylkesdelplan for Friluftsliv, Idrett, Naturvern og Kulturvern (FINK)	Side	24
-	Kommuneplan for Time 2007-18	Side	24
-	Kommunedelplan for Bryne sentrum 2007 - 2018	Side	24
-	Miljøplan for Time 1997-2010	Side	25
4.	Økonomiske verkemiddel	Side	25
-	Lån	Side	25
-	Offentlege tilskottsordningar	Side	25
-	Særlege reglar for spesialområde bevaring	Side	25

<b>Vedlegg 2. Kulturminne i Time</b>	Side	26
1. Sikra kulturminne i Time		
1.A. Automatisk freda kulturminne (Fornminne)	Side	26
1.B. Freda kulturminne/anlegg frå nyare tid	Side	28
1.C. Kyrkjer og kyrkjegardar	Side	28
1.D. Bygningar og anlegg i offentleg vern	Side	28
1.E. Bygg som er regulerte til spesialområde bevaring	Side	29
2. Høgt prioriterte kulturminne frå nyare tid i Time	Side	32
2.1.: Bygningar/anlegg i vernekasse SEFRAK A	Side	32
2.2.: Kommunalt prioritert liste (KPL)	Side	38
2.3.: Minnesmerke og monument	Side	50
3. Andre prioriterte kulturminne frå nyare tid i Time	Side	51
4. Kulturlandskap	Side	52
5. Høgt prioriterte synlege fornminne i Time	Side	56
6. Registrerte kulturminne langs Orrevassdraget og Håelva.	Side	58

**Vedlegg 3. Registreringskart for kulturminne**

# DEL 1

## BAKGRUNN OG PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

### 1. KVA PLANEN GJELD

*Kulturminneplanen skal gi grunnlag for eit målretta vedlikehald og god informasjon om, og tilrettelegging av, kulturminna. Ved dette ønskjer ein å arbeida for auka kunnskap om, og positive haldningar til, kulturarven. Fagleg forsvarleg forvalting av eit breitt utval av faste kulturminne i kommunen er ei overordna målsetting.*

Kulturminne er alt som fortel oss noko om korleis menneska før oss har levd. Det kan vera fysiske spor etter busetnad og næringsverksemd, naturelement som har vore knytte til religion, tradisjon og anna symbolverknad, eller andre typer av handfaste ting som fortel noko om fortida.

Vi deler kulturminna inn i to kategoriar – materielle og immaterielle. Dei immaterielle kulturminna er til dømes soger og segner, folkemusikk, stadnamn og bygdetradisjonar, og er ein særskilt verdifull del av den felles kulturarven vår.

Av materielle kulturminne er det to hovudgrupper: *Faste kulturminne og gjenstandar. Denne planen handlar i hovudsak om faste kulturminne frå nyare og eldre tid og kommunen sitt ansvar for forvalting av desse kulturminna.* Gjenstandar og immaterielle kulturminne vert ikkje nærrare behandla i planen. Gjenstandar vert tatt i vare ved musea og immaterielle kulturminne gjennom tradisjonsinnsamling i kommunen elles.

Planen har i stor grad grunnlag i eit landsomfattande registreringsarbeid som er kalla SEFRAK (SEkretariat For Registrering Av faste Kulturminne). Dette omfattar hus som er bygde før år 1900 og andre faste kulturminne frå tida etter reformasjonen i 1537. I tillegg byggjer planen på ein del registreringar av bygningar og byggverk frå tida 1900–1950.

Planen inneholder eit juridisk plankart, kulturminnekartet, med tilhøyrande føresegner, framlegg til kategorisering og tiltak, og eit oversyn over offentlege stønads- og rettleatingsordningar. Det er ei målsetting at kommunen medverkar både med økonomiske og faglege ressursar i arbeidet med sikring og forvalting av dei faste kulturminna. Planen inneholder forslag til ulike typer vern etter ei prioritering av kulturminna.

Kulturminneplanen har status som kommunedelplan, og skal følgja rullering av kommuneplanen og økonomiplanen.

## 2. DEFINISJONAR

Kulturminnelova § 2 definerer kulturminne og kulturmiljø slik:

*"Med **kulturminner** menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.*

*Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng."*

**Eldre kulturminne (fornminne):** Kulturminne frå oldtid og mellomalder, dvs. frå før reformasjonen, 1537. Desse er automatisk freda utan fredingsprosedyre etter kulturminnelova. Automatisk freda er også ståande byggverk frå perioden 1537-1649.

**Nyare tids kulturminne:** Kulturminne frå tida etter 1537. Kulturminne frå nyare tid vert evaluerte for å avgjera verneverdien. Dei kan verta freda av Riksantikvaren ved enkeltvedtak etter kulturminnelova, eller verna av kommunen gjennom regulering til *spesialområde bevaring etter plan- og bygningslova*.

**Vedtaksfreda kulturminne:** Gjeld freda kulturminne frå nyare tid. Miljøverndepartementet ved Riksantikvaren må fatta særskilde vedtak om freding av desse etter kulturminnelova.

**Museumsvern:** Kulturminne som musea eig eller har vedlikehaldsansvar for. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminnelova. Musea kan vera offentlege, halvoffentlege, private, stiftingar, eller ha anna organisasjonsform.

**Offentleg vern:** Kulturminne som det offentlege eig eller har vedlikehaldsansvar for. Kulturminnet skal bevarast, men treng ikkje ha opphavleg funksjon eller museal funksjon.

**Spesialområde bevaring:** Kulturminne og kulturmiljø som er sikra eller skal sikrast vern ved regulering etter plan og bygningslova (§ 25, pkt 6).

### Bygningar/anlegg i verneklasse SEFRAK A (SEkretariat For Registrering Av faste

**Kulturminne:** Verneverdige kulturminne som er aktuelle for sikring ved formelt vern gjennom freding eller ved regulering til spesialområde bevaring.

SEFRAK er ei landsomfattande registrering av faste kulturminne frå etter reformasjonen (1537) fram til år 1900.

### Bygningar/anlegg i verneklasse SEFRAK B.

Bygningar som er aktuelle for spesialregulering. Verdien som kulturminne skal vurderast ved søknadspliktige tiltak.

### Bygningar/anlegg i verneklasse SEFRAK C.

Bygningar som bare bør underleggjast plan- og bygningslova sine generelle vilkår..

**Kulturlandskap:** Landskap som er prega av menneska sin bruk av området. Her gjeld det i hovudsak landskapsbilete som er prega av tidlegare tiders levemåte og driftsformer i landbruket.

### 3. MÅL

Stortinget har godkjent følgjande **mål** når det gjeld forvalting og vern av kulturmålet:

- o Mangfaldet av kulturmålet og kulturmiljø skal forvaltas og ivaretakast som bruksressursar, og som grunnlag for oppleving og vidareutvikling av fysiske omgjevnader.
- o Eit representativt utval av kulturmålet og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsigkt perspektiv som kunnskapsressursar og som grunnlag for oppleving.

I kommuneplan for Time 2007 - 2018 er det i kapitlet "Livsglede og kultur" formulert følgjande mål som gjeld kulturmålet og kulturarven:

- o "Gjera at innbyggjarane er stolte av kulturarven og kulturlandskapet."
- o "Barn og unge skal bli kjende med lokal historie og kultur gjennom aktiv formidling".

Mål for forvalting av kulturmålet i Time er òg omtala i Miljøplan for Time 1998 - 2010:

- o Sikra den lokale kulturarven og gjera han tilgjengeleg for innbyggjarane
- o Sikra og ta vare på eit breitt utval av kulturmålet/kulturmiljø og kulturlandskap som middel til å formidla kunnskap om kulturhistoria og som positive element i nærmiljøet
- o Sikra at kulturmålet, kulturlandskap og andre kulturmiljø vert tekne omsyn til i all kommunal planlegging

I tillegg er det ein føresetnad at universell utforming vert vurdert ved all tilrettelegging av offentlege kulturmålet, men likevel slik at dette ikkje forringar verdien av kulturmålet. Desse forringane og målsettingane gir kommunen store utfordringar når det gjeld omsynet til bantlegging og regulering av eldre bygg, særleg i samband med fortetting og nybygging innanfor eldre tettstadsområde.

### Formidling

Time kommune ønskjer å medverka til at innbyggjarane skal kjenna til det vide spekteret av nyare og eldre kulturmålet, kulturmiljø og kulturlandskap på heimstaden sin. Og Kommunen vil også skapa forståing for verdien av å ta vare på viktige deler av kulturarven. Kommunen må, saman med andre faginstansar og enkeltpersonar, formidla kunnskap om lokalhistorie og kulturmålet til innbyggjarane.

### 4. PRIORITERING AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Kulturminneplanen legg opp til ei prioritering av alle kulturmålet/kulturmiljø i 3 grupper

- o Høgt prioriterte kulturmålet/kulturmiljø
- o Andre prioriterte kulturmålet/kulturmiljø
- o Ikkje prioriterte kulturmålet/kulturmiljø

#### Høgt prioriterte kulturmålet/kulturmiljø

Desse kulturmåletna er slike som ein i prinsippet ikkje kan akseptera å mista. Det omfattar alle kulturmåletna i verneklasse SEFRAK A, i alt 23 bygningar og byggverk. Av desse er til no 16 sikra ved ulike former for sikring/vern, eller regulering til spesialområde bevaring. Oversikt over desse kulturmåletna er vist i Vedlegg 2, Avsn. 2.1. Planen legg opp til at alle kulturmåletna i 2.1. skal sikrast ved bindande føresegner om saksbehandling når tiltak vil røra ved denne gruppa bygg eller konstruksjonar. Desse er særskilt merka i plankartet.

Dessutan omfattar dei høgt prioriterte kulturmåletna 34 bygningar og anlegg (Avsn. 2.2. i Vedlegg 2) frå tida etter 1900 som kommunen vurderer å ha same verneverdi som verneklasse SEFRAK A. Desse blir ikkje foreslått bandlagde no, men bør vurderast nærare ved seinare rulleringar av planen, og ved all byggesaksbehandling i enkeltsaker.

#### Andre prioriterte kulturmålet/kulturmiljø

Dette er også kulturmålet med høg verneverdi, og omfattar 102 kulturmålet og kulturmiljø som er registrerte i verneklasse SEFRAK B. Desse kulturmåletna har ein stor samfunnsverdi, og er ein verdfull del av livsmiljøet for oss alle. Ein må likevel akseptera at eigedommane også skal vera formålstenselege og til nytte for eiga-rene sine interesser. Oversikt over desse kulturmåletna er gitt i Vedlegg 2. Del 3.

#### Ikkje prioriterte kulturmålet/kulturmiljø

Alle andre kulturmålet kjem i denne gruppa, m a 128 kulturmålet som er registrerte i verneklasse SEFRAK C. Desse kulturmåletna blir ikkje spesielt omtala i denne kulturminneplanen.

**Eldre, automatisk freda kulturmålet.** For desse er forvaltingsmyndet lagt til Rogaland fylkeskommune, kulturseksjonen, og Riksantikvaren, som har ansvar for kvar sin database over denne gruppa kulturmålet (jf. Askeladden og AMSI). Dessverre er databasane ikkje all-



**Geilen, tunet og steingardane rundt den  
dyrka marka på gnr 20 bnr 7 på Serigstad er  
eit godt døme på eit jærsk kulturmiljø**

tid heilt oppdaterte. Time kommunen vel difor å nyta databasane slik dei ligg føre, som ei informasjonskjelde som gir varsel om risiko for fornminne i eit område. Sjå liste i Vedlegg 2, pkt 5.

#### **Andre registreringar.**

Under arbeidet med Aksjon Jærvassdrag er det gjort ei registrering av kulturminne knytte til dei største vassdraga. Desse registreringane er førde opp som liste i pkt. 6 i Vedlegg 2, og overlappar til dels med dei prioriterte kulturminna ovafor.

#### **Praktiske konsekvensar av vern**

Når verneverdien av eit kulturminne eller kulturmiljø er fastslått, må dei praktiske konsekvensane av vern vurderast. Kulturminnet sin verdi må heile tida vegast opp mot problema knytte til bevaring. Nokre

faktorar er vesentlege:

*Teknisk tilstand:* Nokre kulturminne kan vera så forfalne at istandsetting vil innebera vesentleg utskifting av materiale. Autentisitetsverdien må vurderast i forhold til andre delverdiar; kulturminnet kan vera ein urenstatteleg del av heilskapen og ut frå dette forsvara istandsetting.

*Økonomi:* Vurdering av økonomiske vilkår for istandsetting. Utarbeiding av kulturminneplan og økonomiske verkemiddel er Time kommune sitt bidrag for å styrka denne faktoren. Elles kan statlege midlar (SMIL) knytte til jordbruksavtalen nyttast når objektet tilhører landbrukseigedom. Frå 2004 har kommunen mynde til å gje tilskot etter nærmare reglar.

*Konfliktnivå:* Bevaring av kulturminne kan koma i konflikt med andre samfunnsinteresser, som t.d.

vegar, kraftutbygging eller nybygg. Dersom utbyggingsinteressene gjeld særskilt samfunnsoppgåver, vert det kravd særskilt høg verneverdi for å reisa ei bevarings-/fredingssak som vil hindra utbygging. Avveginga mellom dei ulike samfunnsinteressene ligg hos politikarane i kommune, fylkeskommune og på departementsnivå.



Bronsealdergravhaug på Vestly

## 5. SATSINGSOMRÅDE I PLANPERIODEN.

### 5.1 Eldre kulturminne

Time kommune vil, i samarbeid med dei regionale styremaktene, sikra fornminna mot øydelegging, og nytta dei som kjelde til oppleving og kunnskap om fortida for innbyggjarane i kommunen og regionen.

Alle kulturminne frå tida før reformasjonen i 1537 er freda ved lov. Time kommune er mellom dei rikaste kommunane i Rogaland når det gjeld tal på fornminne. Områda som er særleg rike på fornminne, finn ein i den lågareliggjande delen av kommunen som t d omkring Bryne (Ree, Kvåle, Norheim, Line), og på Lye, Vestly, Frøyland og Kalberg.

Fornminna er ei viktig kjelde til kunnskap om busetting og levesett i Time og på Jæren i tidlegare tider. Forvaltingsmynde over denne typen kulturminne er lagt til arkeologisk museum og fylkeskommunen. Kommunen har likevel ansvar for å sikra at det blir tatt omsyn til fornminna ved ulike tiltak og inngrep, slik at dei ikkje vert skadde eller øydelagde.

Tilrettelegging med varsam skjøtsel, ordna tilkomst, infotavler og liknande ved eit utval viktige forminne, samt utarbeiding av hefte, video og liknande materiell, bør vera aktuelle tiltak for å fremja målsettinga på området. Dei eldre kulturminna i Time er markerte i **Registreringskart for kulturminne i Time**, som er eit vedlegg til denne planen, basert på databasen som er forvalta av Riksantikvaren og Arkeologisk Museum, Stavanger.

### 5.2 Jærhus

Jærhuset er ein historisk sett verdfull, men ikkje fornybar ressurs. Time kommune vil derfor arbeida for varig vern av dei gjenståande jærhusa i kommunen, både gjennom ulike vernetiltak, og gjennom økonomiske støtteordningar.

Jærhuset har fått ein sjølvstendig plass i soga om norsk byggeskikk og norsk arkitektur. Omgrepet ”jærhus” vart introdusert på 1860 talet av Eilert Sundt i boka ”Bygningsskikker paa Landet i Norge”. Huset slik det vert oppfatta av folk flest, har ei særprega form. Det er eit ganske lågt hus med ein skut i kvar kortende. Det er særskilt viktig at desse husa, som er så karakteristiske i det jærske kulturlandskapet, vert tekne godt vare på. Vind og vær har heilt opp mot vår tid prega utforminga og plasseringa av husa på Jæren. Dei låge husa er plas-



**Garborgheimen er eitt av dei best bevarte  
jærhusa me har**

serte på høgdedraga i det vide, opne landskapet, langs dei herskande vindretningane frå nordvest og sør aust. Langveggen på stovesida vender ut mot havet og gavlveggene står opp mot vinden. Husa er funksjonelle, skutane vernar sjølve veggen mot vær og vind, samstundes som skråtaket hjelper vinden opp og over taket.

Riksantikvaren, fylkeskommunen og kommunane Randaberg, Sola, Stavanger, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå gjekk i 1997 saman for å registrera jærhusa i regionen. Tiltaksplanen vart ferdig i 2000 og politisk vedteken året etter. Denne syner at det er att ca 100 jærhus i regionen og at 9 av desse registrerte husa ligg i vår kommune.

- o Rosseland, gnr 2, bnr 6
- o Haugland, gnr 8, bnr 1
- o Herigstad, gnr 11, bnr 1
- o Kartevoll, Raunefjell, gnr 51, bnr 4
- o Serigstad, gnr 20, bnr 7
- o Tunheim, gnr 54, bnr 10
- o Garborg, Garborgheimen, gnr 62, bnr 13
- o Knudaheio, gnr 46, bnr 21
- o Træe, gnr 5, bnr 24

I tillegg kjem Digerneshuset, gnr 19/3, bustadhus på Undheim, gnr 46/17, og bustadhus, løe, uthus og tun på Tjåland, gnr 49/2.

Garborgheimen, Knudaheio og Træe er sikra gjennom musealt vern. Garborgheimen er dessutan, som den einaste bygningen på Jæren, freda. Dei ni andre jærhusa er i privat eige. Husmannsplassen Træe på Line er det eldste jærhuset i Time. Huset frå 1780 er det mest måla og fotograferte motivet på Jæren. Det er òg eit lite fjøs med plass til to kyr i tunet i tillegg til bustadhuset.

I den nemnde registreringa står det følgjande i oppsummeringa: ”Særleg viktig for forståinga av bygningshistoria i heile regionen er Træe. Tunet på Serigstad står i ei særstilling på grunn av heilskapen i tunet, med uthus og omliggjande mark innramma av steingardar. Dei same kvalitetane har tunet på Tjåland, med gamle uthus og geilar i nær tilknyting til heimahuset. Her er bygningane i svært dårlig stand, og tiltak må setjast inn med det aller første, om dette anlegget skal kunne bevarast.”



Desse biletene frå Thime Station (Bryne) tidleg på 1900-talet kan stå som døme på kva som er borte av såkalla identitetsberande miljø. Oppen til høgre er Bellesens hotell i

### 5.3 Stasjonsbyen Bryne

27. februar 1878 vart den smalspora Jærbanen opna mellom Stavanger og Egersund. Ikkje alle var samde om at "Thime station" burde vera i Brynemarkene. I heradstyret røysta ni mot sju for at stasjonen skulle leggjast til Hognestad. Ei av årsakene til at Bryne sto svakt var nok at bare ein kommunerepresentant var frå Bryne, og at staden låg i utkanten av kommunen. Men allereie etter 25 år var Bryne større enn dei fire andre stasjonsbyane Klepp, Nærbo, Varhaug og Vigrestad. I 1902 hadde tettstaden 500 innbyggjarar i 50 bygningar. Til samanlikning var innbyggjartalet i 2002 om lag 6500.

Kvifor vart Bryne hovudstaden på Jæren? Sjølv stasjonen var ein møtestad for folk i og kring stasjonsbyen.

Den første forretningsmannen som kom til Bryne var Betuel Herigstad. Han hadde vore i Amerika og hadde sett korleis jernbanen kom med liv og ferdsel. Rein

Time kommune har som mål å ta vare på identitetsberande element av offentlege og private bygg i Bryne, t.d. skular, forsamlingshus, industribygg, bustadhús og bygningsmiljø.

storhandel var det sjølv opningsdagen. Men det kom ikkje noko fart i handelen, og etter nokre år reiste Bryne sin første kramkar attende til Amerika. Det var tronge tider i 1880 og -90 åra. Det var helst bytehandel, der bondene kom med mjøl, egg og andre jordbruksprodukt. Bondene fekk tilbake sukker, tobakk og kolonialvarer. Heile 14 handelsmenn og handverkarar måtte gje opp verksemnda si i denne krisetida. Alt gjekk likevel ikkje like ringt. "Gjæstgiveriet" til Ole og Ane Bertine Bellesen blei serleg kjent for den gode maten. Engelske gjester kom med hermetikk og all slags mat, men det var før dei hadde smakt middagane til fru Bellesen! Det må også nemnast at Killand og Garborg brukte hotellet, og at hotellet var eit populært reisemål for byfolk, med laksefiske i Dammen.

Fram mot hundreårsskiftet tok det til å ljosa. I 1895 kom Jæderens Uldvarefabrik. I 1898 vart Jæren meieri opna. Ullvarefabrikken og meieriet fekk mykje å seia for Bryne sin vekst. I 1912 var det om lag 80 tilsette ved fabrikken og meieriet vart etterkvart det største

landmeieriet i Noreg. Stasjonsbyen vaks jamt i åra etter 1900. Nokre av dei eldste butikkane var kolonial- og bakeriforretninga til Julius Steinsland og landhandelen til Johan Garman Laland. Andre sentrale handelsaktørar i stasjonsbyen var Ole Ellingsen, Laurits Bellesen, og Anton Tjemsland. Jærens forbruksforening, som vart etablert i 1908, fekk spesielt mykje å bety for bondene i distriktet. Andre viktige milepelar i Bryne si historie var etableringa av Apoteket Viben rundt 1920, Jonas Jørstad sin bokhandel frå 1917, og ikkje minst då Carl Refsnes starta drosjekøyring i 1922. Industriverksemidene på Bryne var stort sett knytte til primærnæringa jordbruk (Serigstad, Erlands Maskin, Bryne Mek., Brøyt osv.) Men det var unntak: Ei tid var det skokremfabrikk på gnr. 1/12!

Brynes Vel, som vart stifta i 1913, og Bryne Handelsforening, som vart etablert i 1934, har hatt mykje å seia for lokalsamfunnet og handelsnæringa i Brynebyen. Brynes Vel kjøpte først Geidahodnet, seinare Sandtangen og Vardheiskogen. Sandtangen er i dag eit særskilt mykke nyttu turområde med eiga lysløype. Alt i 1926 bygde og dreiv vellaget Bryne sin første kino, Festiviteten. Då det nye kinobygget stod ferdig i 1964 vart Festiviteten kjøpt av firma Thv. Solberg, som gjorde det om til forretning, verkstad og bustad. Den nye kinoen er no ombygt til kombinert kulturhus og kino.

Bryne har vore og er framleis eit skulesentrum på Jæren. Det første skulehuset kom allereie i 1884. Folk på Bryne tykte det var reint meiningslaust å byggja så stort og flott. Men alt i 1900 måtte ein byggja nytt skulehus. 1900 huset står framleis, og er vurdert i verneklasse SEFRAK A. Frå 1929 og fram til 1964 var det framhaldskule på Bryne. Framhaldskulebygget står framleis og er registrert i verneklasse SEFRAK B.

I 1906 oppretta Jæren meieri utdanning for meiersker. Denne skulen var i drift heilt fram til 1970. Rogaland landsgymnas tok til i 1924, Bryne Handeskule blei starta 1957. I 1976 blei denne skulen slått saman med Bryne Yrkesskule og fekk namnet Time vidaregåande skule. Eit særskilt element for framveksten av stasjonsbyen var også handverks - og landbruksindustrien, sjå nedanfor.

I stasjonsbyen Bryne er det ikkje mange bygningar att frå etableringsepoken. Dei mest verneverdige husa i Bryne er registrerte i SEFRAK. Desse er nærmare omtala i Vedlegg 2 i kulturminneplanen.

I områda nær sentrum (i Bryne) er det bare eitt intakt kvartal med villabusetnad frå tidleg 1900-tal, Solhøgda på Brynehaugen. Fire av dei i alt ni bustadhusa i kvartalet er svært pietetsfullt restaurerte av eigarane, og eit femte er i god og tidsrett stand utvendig. Eitt av husa har fått Time kommune sin kulturvernpris. Til saman er seks av bygga i dette området registrerte som verneverdige i regionale og kommunale registreringar.

## 5.4 Handverk og industri

Time kommune har som mål å medverka til at eit utvald eldre bygg og bygningsmiljø som er knytt til handverks- og industrihistoria, blir tekne vare på.

Jæren har fostra mange industriskaparar og bedriftsbyggjarar. Den driftige og framsynte jærbuen har sett varige spor etter seg i norsk industri. Boka "Industrieventyret på Jæren", som historikar Lars Gaute Jøssang har skrive, er i så måte eit framifrå oppslagsverk om framveksten av jærindustrien.



Smia der O. G. Kverneland starta verksemda som seinare er utvikla til verdas største plogfabrikk, Kverneland ASA

Jæren har i uminnelege tider hatt dyktige handverkarar, enten det var smedar, møllarar, skomakarar, skreddrarar, hovslagarar m.m. Smie fanst det mest på alle gardar. Bygdesmedane var til god hjelp for bondene i bygda, samstundes som smia var ein sosial plass der ein fekk spørja nytt frå gode grannar. At handverkstradisjonen stod sterkt i Time får ein stadfesta ved at ein i 1930 - åra hadde 51 handverkarar i stasjonsbyen Bryne.

Det er dokumentert mølle drift i Noreg sidan 1200 talet. Vi veit at det har vorte drive ”Maling til Profit” på Fotland sidan 1668, og at det var fleire kvernhus langs Mølledammen på Bryne. Fotland Mølle stod ferdig i 1847. Den vart bygd for å mala for andre, og er ei av dei første industrimøllene på Jæren. Smia i kjellaren er eitt av dei første mekaniske industriføretaka på Jæren. Drifta på mølla vart lagt ned i 1970. Etter mange år med restaurering vart anlegget opna som kunst - og kultursenter i 1995.

Eitt av dei første, større industritiltaka i Time var teglverket på Åsland. ”Panneerverket”, som det vart kalla på folkemunne, kom opp i 1836. Panneverket hadde over femti mann i arbeid på det meste, og var i drift fram til 1889. Bygningane vart rivne i 1920.

Ein av dei fremste og mest sermerkte industrireisarane som Jæren har fostra var Ole Gabriel Kverneland, stifteren av Kverneland konsernet. Han kjøpte ein part av vassfallet i Frøylandsåna, og i 1879 fekk han i stand ein liten fabrikk som produserte ljåar og sigdar. I det vesle lokalsamfunnet nord i bygda var han mest som ein liten konge. Han gav folket arbeid, han fekk politifullmakter, og han ordna i 1907 med postkontor på fabrikken.

Ein annan som verkeleg satsa på jordbruksprodukt, var Andreas Serigstad på Serigstad. Alt i 1864 tok han til å laga forskjellige jordbruksmaskinar heime på Serigstad. Dette vert rekna som landets eldste fabrikk for produksjon av landbruksmaskinar. I 1938 kjøpte verksemda opp Jæderens Uldvarefabrikk, og flytta støyperi og verkstad inn i desse lokala.

Den eldste industribedrifta i stasjonsbyen Bryne var Jæderens Uldvarefabrikk, som vart grunnlagt i 1895. Fabrikken var i drift fram til 1928. Serigstad Fabrikk tok som før omtalt over bygget, og det var i familien si eige heilt fram til 2004. Den eldste delen med fabrikkpipe og kontorlokale er regulerte til spesialområde bevaring.

Pinseaftan 1915 vart ein merkedag i Time si historie. Då vart kraftstasjonen på Fotland opna. Kraftstasjonen braut saman i 1972. Samla produksjon gjennom alle år utgjer om lag 2 % av straumforbruket i kommunen rundt 1990. Det seier noko om utvikling.

Nokre sentrale bedrifter på Bryne på 1900-talet er

Serigstad, Brødrene Hetland, Erlands Maskin, Bryne Mek. Verksted, og noko seinare Trallefabrikken - Trallfa, og Brødrene Søyland - Brøyt. Alle desse er nå historie - industrihistorie.

Det heilt spesielle ved framveksten av jærindustrien vart det tette og nære samspelet mellom bedriftseigaren og arbeidaren. Tonen her på Jæren var ”Kom, så gjer me det”, ikkje ”gå og gjer det”. Det viktigaste var å få ting gjort, det betydde mindre kven som gjorde det.

Nærleiken og den uformelle tonen hadde sjølv sagt samanheng med eigartilhøva. På Jæren fann ein heile spektret frå eineeigarføretak, familiebaserte verksemder til aksjeselskap. I fleire familiebedrifter som Kverneland gjekk bedrifta i arv. Dette fortel om samhald og familie-styrke.

Gründerånda er framleis levande på Jæren, men nå er sambandet mellom industri og landbruk mindre fram-tredande. Dei nye føretaka produserer avanserte maskinar og utstyr for mellom anna oljeindustri, bilindustri, oppdrettsnærings og medisin. Fleire av desse finn me her i kommunen.

Jordbruk er framleis ei dominerande næring på Jæren. Jordbruksproduksjonen gav tidleg grunnlag for utvikling av ein næringsmiddelindustri som var basert på produkt frå jordbruket. Foredling av landbruksprodukt i regionen har vore og er mellom dei største i landet. På det meste har om lag 70 % av alle landbruksprodukt i Noreg blitt framstilte på Jæren. Husdyrtettleiken er den høgaste i landet.



Moderne kulturlandskap på Lye

## 5.5 Kulturlandskap/kulturmiljø

Time kommune har som mål å sikra kulturlandskapslement og kulturmiljø som har særhøg verdi med omsyn til landskapsbilete og opplevingsverdiar, biologisk mangfald, og lokal historie.

Kulturlandskap er i vid forstand eit landskap som er påverka av mennesket. Kulturpåverknader frå ulike tids-epokar har vore med og forma landskapet i Time. I delar av kommunen har kulturlandskapet vore mest det same sidan bronsealderen, dvs i meir enn 2500 år.

Spesielt i det siste hundreåret har det vore ei stor endring av kulturlandskapet på Jæren. Vatn er tappa ut, og torvmyrar er oppdyrka, det same er gras - og lyngheiane, som før vart nytta til beite. Eit anna synleg kjennermerke i det jærske kulturlandskapet er steingardane og steinrøysene. Mange steingardar vart lødde opp som ledd i oppdyrkninga, og har fungert som skilje mellom

teigar og gardsbruk. Steingardane og det opne lendet med vidt utsyn frå hei til hav bør også i framtida prega det jærske kulturlandskapet. Det er viktig å ta vare på restane av det som er att. Det naturlege biologiske mangfaldet og variasjonen i plante- og dyrelivet må ein også halda i hevd for komande generasjonar.

Den gamle gardssstrukturen med tunskipnad er det heller ikkje mange att av på Jæren. Tunet på på Serigstad (gnr. 20/7) er i så måte eit særsvint tidsdokument frå omkring 1850, med jærhus, uthus, steingardar, geilar,untre og driftsbygning. Det autentiske gardstunet som er med i verneklassen SEFRAK A, har også fått Time kommune sin kulturvernpris. Driftsrasjonaliseringar og nye tankar om husdyrhald har ført til ”overflødige” driftsbygningar på fleire gardar. Det vil vera ei utfordring og eit mål å ta vare på dei beste av desse tidsdokumenta for ettertida. Alternative bruksområde kan vera ei mulig løysing.



Frå ferdsselsvegen Fosse - Tunheim

## 5.6 Eldre ferdsselsårer

Det har eksistert ferdsselsårer i Time så lenge det har vore menneske på Jæren, det vil seia i meir enn 10 000 år. Ferdsla gjekk mellom bustadar, jaktområde og fiskeplassar.

Veg kan definerast som ein trase i terrenget, skapt av menneskeleg ferdsel. Utviklinga av vegar starta som tråkk eller stiar i terrenget. Dei eldste vegspora vi kan sjå i dag, vert kalla **hòlvegar**. Hòlvegar er spor etter gamle ride- og gangvegar som gjekk gjennom bygdene, stort sett frå gard til gard. Dei syner seg som U-forma grøfter i terrenget. Enkelte av dei skriv seg frå jernalderen. Hòlvegane fanst i heile Europa.

Det er vel 200 år sidan ein fekk køyrevegar på Jæren. Arbeidet med hovudvegen mellom Stavanger og

Time kommune har som mål å ta vare på og informera om historia kring eit utval av dei gamle vegane i kommunen.

Høgt prioriterte er:

- o Prestevegen frå Lye til Gjesdal kyrkje
- o Gamlevegen Fosse - Tunheim
- o Den gamle vegen gjennom Urådalen
- o Gamlevegen Lye -Hommeland - Njå ”Øvre Jærvegen”

Egersund tok til i 1798, men først 40 år seinare vart vegen ferdig. Timebuen fekk lite nytte til dagleg av denne hovudvegen, og alt i 1820 tok ein til med arbeidet av ”øvre Jærvegen” frå Åse i Høyland til Tunheim. I den same perioden vart den kronglete ridevegen frå Timekyrkja til annekskyrkja i Gjesdal utbetra til køyreveg. Prestevegen er i dag eit viktig kulturminne som ein bør verna for ettertida. I mange år var Gjesdal kyrkje eit anneks under Lyepresten. Andre viktige ferdsselsminne er den gamle steinbrua på Fosse (1899) og restane av Fotlandbrua.

Formannskapslova kom i 1837, og Time fekk den første ordføraren sin - Ingebret Svendsen Mossige. Den gamle skipreieinndelinga var mykje til bry for samarbeidet mellom kommunane på Jæren, særleg gjaldt det vestsettlet. Difor tok det nyskipa formannskapet opp vega alt på første møtet med nabokommunane Hå, Klepp og Gjesdal.

Vegbygginga i Time skaut fart midt på 1850 talet. Amtmannen godkjende 10 nye vegar i kommunen og 18 rodemeistrar som igjen skulle tilsetja folk til vegarbeid. Lensmann og veginspektør hadde overoppsyn.

I det heile var det mykje strid i Timebygda når det galdt vegbygging, og ikkje minst val av vegtrasear. Serleg var det mykje strid om vegen frå Taksdal til Eikeland. Fleire mindre vegstubar vart bygde av bøndene sjølv, utan tilskot verken frå fylke eller kommune.

Det vart ikkje bare bygd nye vegar i denne tida. Mange vart også nedlagde, som t.d. vegen frå Kvernelands fabrikk om Njå til Vestly og frå Fosse om Mossige til Tunheim.

I 1909 kom den første motorsykkelen til kommunen, og i 1919 kom den første bilen. Det var Kvernelands fabrikk som åtte denne.

”Det er eit sterkt, tungt folk, som grep seg gjennom livet med grubling og slit, putlar med jorda og granskarskrifta, piner korn av auren og von av sine draumar, trur på skillingen og trøystar seg til Gud”. ( Frå Arne Garborg sin roman *Fred* - 1892)

Det jærske kristenlivet har hatt eit jordnært preg, den materialistiske og praktiske livsinnstillinga til jærbuen har gitt lite rom for sekter og svermeri. Jærbuen har med Garborg sine ord truud på skillingen og trøysta seg til Gud.

Timekyrkja har stått sterkt blant timebuar flest. Det er blitt registrert fleire småkyrkjer frå 1100 talet på Jæren, men den første kyrkja som vi veit om i Time er frå 1329. Kor mange kyrkjer som har vore i Time, er ikkje stadfesta. Men i statsarkivet i Bergen finst det kyrkjerekneskap frå 1600 talet som peikar på at det ei tid var stavkyrkje i kommunen. Time kyrkje vart bygd i 1859, etter at den førre, som var bygd i 1829, brann ned.

Alt tyder på at Tingvollen på Lye er ein gammal tingstad. Det var like ved denne freda tingplassen at Lyepresten hadde sitt husvære i over 600 år. Den første presten som flytta inn på prestegarden i 1329 var Ogmund Asbjørnsson. Den siste var Kåre Hognestad, som flytta ut i 1932. Kommunen kjøpte prestegarden til kommunegard. Garden vart seinare nedlagd og eigedomen vart sold til private i 1956. Alle dei 10 bustadhusa som ein gong var knytte til Lye prestegard er vekke.

Det aktive kristne arbeidet medførte at det vart reist fleire nye bedehus i kommunen. Saron på Bryne var det første bedehuset som vart reist på Jæren, og det vart innvigd 9. juni 1878. Nytt bedehus vart bygd i 1947. Bedehuset på Line vart bygd i 1911. Dette huset vart påbygd i 1956, og er i dag det eldste eksisterande bedehuset i kommunen. Fleire nye bedehus, forsamlingshus og kyrkjer har kome til. Dei fleste forsamlingshusa på Jæren er bygde på dugnad og er i privat eige.

## 5.7 Faste kulturminne knytte til tru og kristenliv

Time kommune har som mål å medverka til at faste kulturminne knytte til tru og kristenliv blir tekne vare på.



Det nye kapellet på Undheim, med klokketårnet i forgrunnen

## 5.8 Minnesmerke og monument

Time kommune har ei rekke minnesmerke og monument, både i offentleg og privat eige. Det er eit mål å gjera innbyggjarane i kommunen kjende med bakgrunnen for desse, og å ta godt vare på dei.



Byste av O. G. Kverneland - grunnleggjaren av Kvernelands Fabrikk.

Rundt om i Time fins det fleire minnesmerke og monument. Dei kan delast i tre kategoriar: 1. Bystar og statuar av personar, 2. friare skulpturar til minne om hendingar eller personar, og 3. utsmykkande skulpturar. Dei kan vera reiste av kommunen, av private organisasjonar eller einskildpersonar, eller dei kan vera gåver til fellesskapet frå ymse gjevarar.

Kjende timebuar som har fått reist bystar eller statuar etter seg er Arne Garborg, O. G. Kverneland, Torkel Lende, Torkel Mauland og Sven Arrestad.

Utanfor Sivdamsenteret står skulpturen "Falling Out", laga av Arne R. Garborg i USA, og gitt til kommunen av han i 2001. På eit lite torg i Storgata står skulpturen "To søstre", ei gåve til Time kommune frå Time Sparebank, og utanfor Fokus Bank finn me den frodige grisesugga, til glede for mange, ikkje minst dei små. I Mølledammen fins det ti skulpturar laga av Fritz Røed, kjøpte av næringslivet på staden og gjevne til kommunen. Det er eit mål at bakgrunnen for og historia til alle desse minna og gåvene skal vera kjende for alle som bur i kommunen, og dei som er her på besök. Det vil difor bli laga eit hefte med bilet og bakgrunn for dei.

Liste med oversyn over minnesmerke og monument finn ein i Vedlegg 2, Avsn. 2.3.

## 5.9 Formidling og tilrettelegging

Målet er å gjera innbyggjarane i kommunen vår (og andre) kjende med - og medvitne om - kulturarven sin. Skal nye generasjonar meistra nåtida og møta framtidia på beste måte, er det viktig at dei veit noko om fortida.

Formidlinga kan gjerast på fleire måtar. Ei god munnleg formidling er både kontaktskapande og gjevande, og tek samstundes vare på ein gammal og verdfull forteljartradisjon. Her har skulen og den einskilde læraren ei sentral rolle.

Formidling kan òg vera skriftleg. I hefte og bøker, for skulelevar som for andre grupper, og gjennom informasjonstavler på stader som har noko å fortelja, kan kunnskap om nærmiljøet presenterast. Slike tavler er der når det passar å stansa for å sjå på det dei har å formidla, med tekst og illustrasjoner.

I vår moderne tid er òg Internett ein naturleg stad å dela kunnskap om nærmiljø og historie med andre. Informasjonen bør innehalda opplysningar om grad av tilgjenge, t. d. for rullestol, om det er toalett osv.

Ei aktiv formidling vil krevja både materielle og menneskelege ressursar.



"Tenk at på denne staden stod det eingong ei smie..."

# DEL 2

## PLAN

### 6. FØRESEGNER OG RETNINGSLINER

#### FØRESEGNER

Kulturminneplanen er ein kommunedelplan (jf. pbl §20 - 1) og inngår som ein del av Kommuneplan for Time. Føresegnerne skal gje rammer for forvalting, tilrettelegging og formidling av og om dei faste kulturminna i kommunen, og dei historiske og kulturelle verdiene dei representerer.

#### § 1. VERKNAD AV PLANEN (pbl § 20-6)

Føresegnerne og kulturminnekartet (plankartet) er eit supplement til føresegner/plankart i kommuneplanen og kommunedelplanane for Bryne sentrum og for Frøyland/Kvernaland.

Føresegnerne i Kulturminneplanen gjeld framfor føresegner i eldre overordna planar, reguleringsplanar og busetnadsplanar(utbyggingsplanar) i Time kommune om anna ikkje er nemnt. Der det ikkje er motstrid mellom kulturminneplanen og eldre planar, vil desse supplera og utfylla kvarandre.

Reguleringsplanar som vert vedtekne etter at kulturminneplanen er vedteken, vil gjelda føre denne.

#### § 2. FØRESEGNER SOM GJELD FOR HEILE KOMMUNEN

##### 2.1 GENERELT

For bygg, konstruksjonar, anlegg og andre kulturminneobjekt som er regulerte til spesialområde bevaring (SOB), eller er omtalte i Vedlegg 2, Del 2, avsn. 2.1 og 2.2, til Kulturminneplan for Time 2008 - 2019 kan det

ikkje setjast i gang arbeid som medfører riving eller vesentleg endring av fasade før det ligg føre godkjent reguleringsplan eller byggeløyve frå Time kommune.

Alle tiltak som medfører krav om plan eller løyve som omtalt ovafor for objekt regulerte til spesialområde bevaring - eller for bygg eller anlegg omtalte i Vedlegg 2, Del 2, avsn. 2.1 og 2.2, under ”Høgt prioriterte kulturminne i Time” - skal vurderast særskilt med vekt på verdi som kulturminne.

Ved byggesaksbehandling av saker som gjeld bygg regulerte til spesialområde bevaring, eller er oppførde i nemnte avsn.2.1 og 2.2, skal saka sendast til kulturminnenemnda og regional kulturminnestyremakt for uttale.

##### 2.2 BYGG I REGULERTE OMRÅDE

Det er ikkje tillate å riva bygningar som i reguleringsplan er regulerte til spesialområde bevaring.

Bygningar som er regulerte til spesialområde bevaring, skal ikkje endrast vesentleg på eksteriøret. Bygget si hovudform, grunnflate, mone- og gesimshøgder, samt takform skal oppretthaldast.

I område/eigedomar regulerte til spesialområde bevaring tillet ein ikkje fortetting. Andre tiltak (uthus/garasjar og liknande) skal tilpassast område sin karakter.

Eventuelle tilbygg må tilpassast og vera underordna den verna busetnaden med omsyn til utforming.

#### GENERELLE RETNINGSLINER

Retningslinene nedanfor skal vurderast innarbeidd i reguleringsvilkåra når bygningar og anlegg vert reguler-

te til spesialområde bevaring. Retningslinene bør også brukast ved behandling av enkeltsaker som vedrører bygningar og anlegg som ikkje er med i ein reguleringssplan.

Retningslinene er ikkje juridisk bindande.

#### GENERELT:

Byggjesaker som gjeld høgt prioriterte og andre prioriterte hus og anlegg og spesialområde bevaring, skal vurderast både ut frå plan- og bygningslova, kulturminne- lova, reglar for kulturlandskapsforvalting innafor landbruks sitt regelverk, og retningsliner i offentlege planar, også kulturminneplanen.

For bygningar og anlegg oppførte i vedlegg 2, "Høgt prioriterte kulturminne i Time", avsn. 2.1 og 2.2, skal kommunen føra ein særleg restriktiv politikk med omsyn til riveløyve og vesentlig ombygging.

- Registreringskartet over eldre og nyare prioriterte kulturminne i Time bør leggjast til grunn for vurdering av alle tiltak.

I byggesaker på gardsbruk der jærhus inngår i saka, bør kommunen i enkelte høve kunna vurdera å godkjenna at det vert bygd eit 3. bustadhus på gardsbruket. Den same vurderinga bør kunna leggjast til grunn der det føreligg eldre vedtak som føreset riving av jærhus.

#### DOKUMENTASJON I PLAN- OG BYGGJESA- KER:

Som grunnlag for vurdering og behandling av planar der registrerte kulturminne inngår, skal følgjande materiale følgja søknaden:

##### Reguleringsplan/busetsnadsplan:

- Det skal gjerast greie for korleis området inngår i ein større samanheng i høve til omgjevna- dane, korleis omsøkte volum og høgder er tilpassa nabobygg og naboeigedommar.
- Tilpassing til bygningar regulert til spesialom- råde bevaring, samt område som er bandlagde for å regulerast til dette formålet, må også dokumenterast.
- Bygningar som er vist i registreringskart for nyare kulturminne skal ha ei fagleg vurdering før eventuelle tiltak kan godkjennast.

#### Byggjesak

- Situasjonsplan i målestokk 1:500 eller annan formålstenleg målestokk.
- Terrengprofil gjennom planlagt tiltak/bygning som syner terrengetilpassing, høgde på bygg samt tilhøve til nabobusetnad. Eksisterande og planert terreng skal visast.
- Ved naboskap til bygg som er regulerte til spesialområde bevaring samt bygningar eller område som er bandlagde for å regulerast til dette formålet, skal tilpassing dokumenterast.
- Fasade på nybygg skal visast saman med kvar talet sine fasadar i si fulle lengde, eller saman med fasadane til nabobygningane.
- Bygningar på registreringskartet for nyare kulturminne skal ha ei fagleg vurdering før eventuelle tiltak kan godkjennast.
- Bilete av bygning

#### Bruk og skjøtsel av verdifulle kulturlandskap:

Som overordna retningsliner for saksbehandling knytte til bruk og skjøtsel av verdifulle kulturlandskap i jord- bruksområda vil Time kommune nyitta føringane som ligg i Regionalt miljøprogram for landbruks i Rogaland (2005) og kommunen sin vedtekne strategi for prioriterting av tilskott gjennom SMIL- ordninga (SMIL - Spesielle Miljøtiltak I Landbruks).

#### Friområde

Der det er mogleg og naturleg bør friområda nyttast til å synleggjera og informera om eldre og nyare kulturminne.

#### Tilgjenge til kulturminne

Universell utforming må vurderast ved all tilrettelegging av offentlege kulturminne. Denne må likevel ikkje utformast slik at verdien og særpreget til kulturminnet vert forringa.

## 7 TILTAKSPLAN 2009 - 2012

### 7.1 Prioritert tiltaksplan for komande fireårsperiode.

Den prioriterte tiltaksplanen skal rullerast kvart år og koplast til økonomiplanen.

Nr	Tiltak	Stad/ Type Tiltak	Kostn. i alt i 1000 kr	Oppstart tiltak - Finansiering i 1000 kr							
				2009		2010		2011		2012	
				K	A	K	A	K	A	K	A
1.	Stillings- ressurs kulturvern	100% adm. stilling	540	540		540		540		540	
2.	Kartlegga bygg, frå 1900-1950	Heile kommunen 40	Lønn tilsett 40	40							
3.	Tilskot Kulturvern	Heile kommunen	100 pr år	100 (D)	(D)	100 (D)		100 (D)		100 (D)	
4.	Byvandring	Bryne	Lønn 30	30		30		30		30	
5.	Behandling mot morr	Undheim bygde- museum	50			50					
6.	Info om historiske stader	Bryne	80			40	40 FK.				
7.	Turveg Fosse -	Fosse - Tunheim	600	150	300	150					
8.	Arrangement	Jubileum Time kyrkje	300				100	200			
9.	Skjøtsel	Lyngaland gardsanl.	90							45	45 FK
10.	Infoopplegg	Handverks tradisjonar	65						65		
<b>Sum:</b>				<b>860</b>	<b>300</b>	<b>910</b>	<b>40</b>	<b>770</b>	<b>200</b>	<b>780</b>	<b>45</b>

**K = kommunale midlar, A = Andre midlar (spelemidlar, fylkeskommune, sponsorar)**

(D): Driftstilskott. Omfattar m.a. tilskott til rehabilitering av Jærhus og andre verneverdige bygg og anlegg.

FK = fylkeskommunen

## **7.2 FRAMTIDIGE TILTAK KNYTTE TIL SATSINGSOMRÅDA I PLANEN:**

Dette er eit oversyn over tiltak som ikkje ligg inne i tiltaksplanen i pkt 7.1 over, men som bør vurderast ved komande rulleringar av planen.

For alle tema: Alle offentlege kulturminne må vurderast i høve til universell utforming.

### **Tema 5.1. Eldre kulturminne**

- ★ Vestlyområdet: Informasjonsopplegg og merka løype i marka. Bronsealderhaugar, gardsanlegg og gravhaugar på høgdedrag mot Håelva.
- ★ Hanaland gardsanlegg ( Infotavle og tilrettelegging for tilkomst.)

### **Tema 5.2. Jærhus/kulturverntiltak**

- ★ Tilskotspost til rehabiliteringsprosjekt på jærhus, kr 200.000 årleg.
- Sekkepost i driftsbudsjettet kan òg nyttast som tilskot til andre typar bygg/anlegg og kulturvernprosjekt.
- ★ Sikring av arkiv.

### **Tema 5.3. Stasjonsbyen Bryne**

Konkrete informasjonsopplegg, oppslagstavler, hefte, stoff på kommunen si heimesida.

### **Tema 5.4. Handverk og industri**

- ★ Stimulera til vern og vidareføring av tradisjonelt handverk.
- ★ Støtta fagmiljø som vil ta vare på handwerkstradisjonane.
- ★ Frå ”Maling til profitt” på Fotland til dagens jærindustri.
- ★ Den jærske ”tyå” - frå spade og steinbukk til plogar og gravemaskinar.

### **Tema 5.5. Kulturlandskap/kulturmiljø**

- ★ Tjensvoll - Mossige (Skjøtsel. ”Vakre landskap” - registrering.)
- ★ Mossigemarkene - Lendemyrane.  
Skjøtsel av kystlynghei og fuktig beite med stort biologisk mangfald.
- ★ Arbeida for å ta vare på geilar og steingardar som er særsviktige som kulturlandskapselement, basert på forskrifter innafor landbruket
- ★ Registrera spor etter aktivitetar som har vore langs vassdraga.

### **Tema 5.6. Eldre ferdselsårer**

- ★ Prestavegen frå Vestly til Gjesdal kyrkje (samarbeid med Gjesdal kommune).
- ★ Den gamle byvegen over Njå ( Lye - Kvernaland).

### **Tema 5.7. Faste kulturminne knytte til tru og kristenliv**

- ★ Religiøse seremoniar knytt til Tingvollen og Lye prestegard.
- ★ Frå bedehuset Saron til dagens religiøse kulturbrygg.
- ★ Hauabakken på Frøyland
- ★ Den gamle kyrkjevegen frå Frøyland til Time kyrkje

### **Tema 5.8. Minnesmerke og monument**

- ★ Hefte med oversikt over dei ulike minnesmerka og deira historie.
- ★ Lyssetting av utvalde monument

### **Tema 5.9. Formidling**

- o Kurs for lærarar om lokale kulturminne (Knytte til den kulturelle skulesekken)
- o Utarbeidning av temahefte til bruk i skulane.

# DEL 3- VEDLEGG



Frå kulturlandskapet ved Mossige - Garborg - Tjensvoll

## Vedlegg 1. RAMMER FOR PLANEN

### 1 LOVGRUNNLAG

**Kulturminnelova** slår fast at alle faste kulturminne frå oldtid og mellomalder fram til 1537 og alle bygningar frå før 1649 er *automatisk freda*. Bygningar etter 1649 kan vera *vedtaksfreda*. Det er også høve til å freda heile *kulturmiljø*, der kulturminna inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Eit fredingsforslag fatta av Riksantikvaren kjem etter ei omfattande saksførebuing der mange partar, også eigaren, er med i ein høyringsprosess. Målet med fredingsarbeidet er å sikra eit representativt utval av kulturminne frå forskjellige tidsepokar og frå heile landet.

**Plan- og bygningslova** er ein viktig reiskap i kulturminnevernet på fylkes- og kommunenivå. § 25 listar opp diverse *reguleringsformål*. Pkt. 6 omhandlar spesialområde der det mellom anna vert nemnt ”*områder med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevares*”, også kalla spesialområde bevaring. Regulering til spesialområde bevaring kan i tillegg til sjølvे verneobjektet gjelda sikring av omgjevnadene.

**Naturvernlova** heimlar *landskapsvern*, og gir heimel for vern av område og bygningsmiljø. I § 5 heiter det: ”*For å bevare egenartet natur- eller kulturlandskap, kan areal legges ut som landskapsvernområde.*”

### 2 ANSVAR FOR KULTURMINNEVERNET

Kulturverdiane er eit felles ansvar som kviler på kvar einskild og på dei etiske haldningane våre. I første hand kviler det daglege vedlikehaldsansvaret på eigar/grunneigar. Offentlege instansar har eit overordna ansvar.

**Offentleg ansvar.** Kommunen har ansvar for å ivareta kulturminnevernet gjennom planlegging og kontinuerleg målretta politisk og administrativt arbeid. Kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen skal sjå til at kommunane og fylket tek slike omsyn.

Time kommune har også ansvaret for mange kulturminne i musealt vern. Ein viktig del av vernearbeidet er istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av dei kulturminna ein skal ta vare på.

**Eigaren sitt ansvar.** Etter plan- og bygningslova er alle som eit eit hus, forplikta til vedlikehald. Men for eigarar av freda hus og hus i vernekasseSEFRAK A og B vert det stilt særskilte krav til korleis dette vert utført. Dette vert nærmere omtalt i Del 2, Føresegner og retningslinjer, s 19 ff.

Dei fleste verna bygningane i landet er i privat eige. Med god grunn er dei fleste eigarane stolte av husa sine, og dei skal ha æra for at dei med jamt vedlikehald er med å sikra dei kulturminna vernestyremaktene har peika ut som særverdfulle.

Grunneigar har òg eit ansvar når det gjeld automatisk freda kulturminne. Det er m. a. forbode å setja i gang tiltak som kan skada desse ( Kulturminnelova § 3 og § 8).

### 3 FORHOLD TIL ANDRE PLANAR

**Fylkesplan for Rogaland 2006 - 2009** omtalar kulturminnevern under satsingsområde 5.4 "Kvalitet". Mellom delmåla her finn ein at sikring og forvalting av natur- og kulturverdiar bør skje gjennom meir aktiv bruk av plan- og bygningslova og aktiv bruk av miljøverkemidla innafor landbruket, som t.d. Regionalt miljøprogram. Fylkeskommunen ønskjer òg å medverka til at kulturminne får tenleg juridisk vern og praktisk vern/vedlikehald.

**Fylkesplan for kulturminne** frå 1989 inneheld oversiktar over verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal verdi i kommunane. Planen vart revidert i 2004, ved innarbeiding i. **Fylkesdelplan for Friluftsliv, Idrett, Naturvern og Kulturvern (FINK)**, FINK vart vedteken av fylkestinget i juni 2004, og inneheld element frå fire tidlegare delplanar som no er samla i eitt plandokument. I planen heiter det at målet for fornminna er å *"øke kunnskapen om fornminnene for på den måten langsiktig å bidra til at flere blir bevart og forblir urørt. Kulturminner skal være en ressurs, ikke et problem."* For nyare tids kulturminne er målet å *"revide registeret over nyere tids kulturminner av nasjonal og regional interesse. Bidra til at disse kulturminnene får tjenlig juridisk vern og praktisk vern/vedlikehold. Stimulere til at kommunene utarbeider lokale kulturminneplaner. Arbeide for økemuligheter for økonomisk tilskudd knyttet til objekters verneverdi."*

**Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Rogaland (1994)** inneheld ei prioritert registrering av særleg fine kulturlandskap. Jf. Vedlegg 2.4.

#### Regionalt miljøprogram for jordbruket i

**Rogaland 2005-09** er ei tilskotsordning som gir gardbrukarar rett til ulike driftstilskott til mellom anna rehabilitering av eldre bygg, og skjøtsel av kulturlandskap og eldre kulturminne, ut frå visse retningslinjer.

**Registrering av jærhus** i kommunane Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå (Rogaland Fylkeskommune). I 2000 vart det laga ein oppdatert og fullstendig oversikt over dei jærhusa som står att i dag, i alt ca. 100 jærhus frå før 1900.

**Kommuneplan for Time 2007-18** har eit eige temakart for kulturminne og kulturlandskap. Kartet inneheld kjende eldre kulturminne som ligg inne i databasane "Askeladden" (Riksantikvaren) og FORN (Arkeologisk museum i Stavanger). Av nyare kulturminne et tatt med bygg i SEFRAK A og eit utval andre konstruksjonar og anlegg (bruar, demningar o.l.). Dessutan er det tatt med "vakre kulturlandskap" som er med i ei regional registrering frå 1990-åra.

**Kommunedelplan for Bryne sentrum 2007 - 2018** Her er dei viktigaste utfordringane og problemstillingane i høve til kulturminne oppsummert slik:

- o Finna eit rett nivå på vern, slik at vernet vert ein del av den samla byutviklinga.
- o Identitetsskapande og særprega bygningar og bygningsmiljø som kan knytast til Bryne si utvikling som stasjonsby, industri- og skulesenter bør takast vare på.

#### Løysingar

- o Planen har forslag til bygningar som skal bandleggjast
- o Planen har registreringskart for bygningsvern. Dette skal brukast som ein "ver varsam plakat" ved planarbeid og byggjesaker
- o Planen legg føringar for område og bygningar som ligg i eller ved sida av bygningar og miljø som er aktuelle for vern.
- o Registreringar og arbeid som er gjorde i samband med sentrumsplanen, bør inngå i arbeidet med kulturminneplanen for Time. Når kulturminneplanen er vedtatt, skal dette innarbeidast i sentrumsplanen.
- o Planen har føresegner for bygningsvern

**Miljøplan for Time 1997-2010**, godkjent av Time kommunestyre 27.10.1998, omhandlar kulturminnevernet som del av ei omfattande miljø- og ressursforvalting. Planen legg m.a. vekt på koplingane mellom kulturminnevern og kulturlandskap, biologisk mangfald og friluftsliv.

## 4 ØKONOMISKE VERKEMIDDEL

### Lån

Husbanken kan gi lån til utbetring av bustader med antikvarisk eller kulturhistorisk verdi. Det skal liggja føre ei tilråding frå fylkeskonservator som stadfestar at bustaden er verneverdig, og at dei arbeida som skal gjerast tek omsyn til dette. Teikningane skal vera godkjende og stempla av fylkeskonservatoren

### Offentlege tilskotsordningar

#### *Landbruksdepartementet*

Tilskot til spesielle miljøtiltak t.d. løing av steingardar, restaurering av freda og verneverdige bygningar, bygging av reinseparkar og andre miljøtiltak.

Investeringstilskott til denne typen tiltak er samla i SMIL- ordninga (SMIL = Spesielle Miljøtiltak I Landbruket), og driftstilskot gjennom Regionalt miljøprogram (RMP).

Det kan òg søkast om bygdeutviklingsmidlar til tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringer.

#### *Miljødepartementet*

Departementet gir kvar haust eit oversyn over sine støtteordningar.

#### *Rogaland fylkeskommune*

Fylkeskommunen gir tilskot til verneverdige anlegg og formidlar også tilskot frå Riksantikvaren for freda bygningar.

#### *Norsk Kulturminnefond*

Kulturminnefondet gir tilskot til prosjekt som omfattar verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

#### *Time kommune*

Kommunen kan gi tilskot til vernevøling av jærhus og andre verneverdige kulturminne.

Summen som står til rådvelde vert talfesta i kommunen sin økonomiplan.

Tildeling av tilskot vert gjort ein gong i året etter søknad. Søknadsfrist er 01. april.

Time kommune sin kulturvernpris vart tildelt første gong i 1994. Prisen har gått til personar eller lag som på ein særskilt god måte har teke vare på husa sine, både gjennom bevaring og restaurering. Kulturvernprisen er ein bronsplakett og ein pengesum på kr.10 000.

#### *Særskilte reglar for spesialområde bevaring*

For bustader og fritidsbustader regulerte til spesialområde bevaring etter pbl. § 25 nr. 6 kan det krevjast direktelikning (Skattelova av 26.03.99, § 7-10, 7. ledd). Ved likninga kan det m.a. bli gitt frådrag for utgifter til vedlikehald, forsikring, festeavgift, eigedomsskatt m.v. Det er inga bindingstid. I staden for ei tidlegare bindingstid på 10 år, gjeld det avtrappingsreglar ved endring av likningsmåte. Reglane gjeld frå 01.01.2000. Skattestyremaktene gir nærare rettleiing.



Tingvollen på Vestly

## Vedlegg 2. KULTURMINNE I TIME

### 1. SIKRA KULTURMINNE I TIME

#### 1.A. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE (FORNMINNE)

Alle kulturminne frå tida før reformasjonen i 1537 er freda ved lov. Time kommune er mellom dei rikaste kommunane i Rogaland når det gjeld tal på fornminne.

##### **Steinalder ( ca 9 000 - 1500 f. Kr. )**

Jæren blei tidleg isfri. Dei eldste spora er buplassar etter fangstfolk som stadig var på flyttefot. Dei mest kjente steinalderbustadane ligg langs Storamos. Det er funne mange gjenstandar etter menneske, som økser, flintdolkar, pilspissar og sigdblad.

##### **Bronsealder ( ca 1500 - 500 f. Kr )**

Jæren er det området i landet som har dei fleste og rikaste bronsealderfunna.

**Tingvollen** på Vestly er ein av dei best bevarte store gravhaugane frå eldre bronsealder. Ved haugen var det tingplass, ikkje bare for Jæren, men for heile fylket. Her var det fylkesting, rettsamling, marknad og slektsstemne.

##### **Jernalder (ca 500 f. Kr. - 1000 e. Kr.)**

Dei fleste faste fornminna, først og fremst gravhaugar og gardsanlegg, skriv seg frå denne tida. Dei mest kjende funna er:

- o **Smedagrava på Olshaug**. Funnet av gullsmedgrava på Vestly er eineståande i Noreg. Gullsmeden vart lagt ned med alt sitt verktøy. Funnet innehold mellom anna eit skjold i reint gull, sverd, pil og spydspissar, sølvknappar, leirkrukke og det grøne vinglaset.
- o **Langhaug på Eikeland** er det største gravkammeret som hittil er funne frå folkevandringstida. Grava er frå 600 e. Kr. og innehold mange slag bruksting og smykke.
- o **Hustufta på Lyevollen** er eit langhus på over 50 meter.
- o **Hanaland på Ree** er eit gardsanlegg frå folkevandringstid og mellomalder. Her er 3 hustufter, geil, gardfar, gravhaugar, åkerreiner og røyser. På eit høgdedrag nord for anlegget ligg 7 haugar. Ramshaug, den største, er ca 32 m i tverrmål og 4,5 m høg.



**Kvåleholane**  
(Illustrasjon Eva Gjerde)



**Hustufter på Lyngaland**

- o **Lyngaland på Sæland** er frå ca 350 e. Kr. Her er 2 store hustufter. Den største tufta er heile 64 meter lang, oppdelt i 5 rom. Det er funne om lag 4500 potteskår av mange ulike slag kar. Ein reknar med at garden vart nedlaggd i slutten av 500-åra.

- o **Funna på Frøyland** er frå 800-talet, og kan visa seg å innehalda ei av dei rikaste kvinnegravene frå tidlig vikingtid i heile Noreg. Den uvanleg rike vikinggrava vart oppdaga under gravearbeid på Frøyland i 2007. Arkeologane fann først to gullfolierte perler og ei 12



**Perler frå funnet på Frøyland**  
(foto: Jonas Haarr Friestad/Stavanger Aftenblad)

cm lang spenne av bronse med eit bjørnehovud i kvar ende. Spenna er ei av dei største i sitt slag som er funnen i Noreg. Det vart òg funne to massive, skålforma draktspenner av bronse, fleire perler og ei mengd båtnaglar.

Til nå har ein funne gravene til ei kvinne, ein mann og eit barn, alle truleg av høg byrd, på ein stad der det tidligare låg ein gravhaug som vart fjerna for over 105 år sidan. Men det kan vera to graver til i området. Både manns- og kvinnegrava er båtgraver, der båtane truleg har vore seks-sju meter lange.

**Funna på Kvåle.** Undersøkingane på Kvåle i 2001 og 2002 er eitt av dei større arkeologiske og naturvitenskaplege prosjekta Arkeologisk museum i Stavanger har gjennomført. Undersøkingane har gitt vesentleg innsikt i den tidlege jordbruks-fasen i overgangen frå yngre steinalder til bronsealder både når det gjeld busetnadsspor og driftsformer i jordbrukskulturen. I rapporten *Bondene på Kvålehodlene* vert det fortalt om buplass-, jordbruks- og landskapsutvikling gjennom 6000 år på Jæren. Utgravingane på Kvåle har gitt ny og verdfull innsikt i fortidsbusetnaden på Jæren.

#### **Andre særmerkte funn:**

- o **Gullfunnet på Oma** er det største i landet, frå det femte hundreåret e. Kr. Det er på 5 bandforma og 2 glatte fingerringar, 2 spiralringar, 2 gullstenger og 49 stykke betalingsgull.



Time kyrkje med "Kyrkjetoget" til høgre

- o **Dyrefella frå Øvre Håland** – eitt av dei mest sær-  
synte funna i heile Norden.
- o **Tekstilfunnet frå Tegle** er ei samling vovne ulltøy og  
ullgarn frå tida 3–400 e. Kr. Eit særmerkt funn som  
synar høgt utvikla tekstilteknikk.  
Begge dei to siste er på AmS i Stavanger.

Ei oversikt over høgt prioriterte synlege fornminne i Time er lagt inn lengst bak i dette vedlegget (pkt 5).

## 1.B FREDA KULTURMINNE OG ANLEGG FRÅ NYARE TID

Dette er kulturminne som er freda etter kulturminnelova. I Time (og på Jæren) er det berre eitt bygg som er freda (1939):

- o **Garborgheimen.** Diktaren Arne Garborg sin  
barndomsheim – eit stilreint jærhus frå 1849 med tidsty-  
pisk innreiing og utstyr

## 1.C KYRKJER OG KYRKJEGARDAR

- o **Time kyrkje i tre** frå 1859 er teikna av slottsarki-  
tekten Linstow. Tilbygget – "Kyrkjetoget" – i mur i sør-

enden er teikna av sivilarkitekt Per Line, og vart bygt i 2001. Kyrkja og kyrkjegarden er automatisk freda.

Elles er Bryne kyrkje og Undheim kapell med kyrkjegardar regulerte til offentlege formål.

## 1.D BYGNINGAR OG ANLEGG I OFFENT- LEG VERN

Offentleg vern gjeld kulturminne som det offentlege eig  
eller har vedlikehaldsansvaret for. Slike kulturminne skal  
bevarast, men treng ikkje ha opphavleg eller museal  
funksjon.

I Time har me fire slike kulturminne i kommunalt vern:

- o Husmannsplassen Træe på Line (6/7)
- o Fotland kraftstasjon (13)
- o Fotland mølle (14)
- o Knudaheio (19)

Foto og nærmare omtale følgjer mellom objekta i  
Gruppe 1.

## **1. E - BYGG SOM ER REGULERTE TIL "SPESIALOMRÅDE BEVARING"(SOB)**

Kulturminne og kulturmiljø som er sikra ved regulering etter plan og bygningslova (§25, pkt 6). Desse objekta er her og på registreringskartet for kulturminne merka SOB.



**a. "Svensenhuset"** – tidl. bustadhus i to etasjer i Bryne sentrum, gnr. 1, 70. Bygd i 1914. Brukt til fritidsaktivitetar. Time kommune.

Regulert til spesialområde bevaring. SOB



**b. Kornmottak - Rogaland Felleskjøp** - Reevegen 1, gnr 1/180. Bygd 1933. SOB



**c. Bryne Mølle** – industribygning i Bryne sentrum, gnr. 1/179, fnr. 1; obj. 1121/001/029. Tidstypisk industriarkitektur frå 1929. Monumentalt bygg med enkle, reine linjer og klassisistiske detaljar i eksteriøret. Autentisk grunnform, delvis også -plan. Til Time kommune i 1989.

SEFRAK A (2) og SOB



d. **Spønehus og sveisehall**, gnr 1/139, Herigstadvegen 10, Bryne Bygd ca 1930 og 1950 av Br. Hetland.  
(foto: Spønehuset)  
SOB



e. **Trafo**, gnr. 2/89, gnr. 2/89, i Rektor Sælands veg, Funksjonalisme. SOB



f. **Jæren meieri** med pipe, gnr 1/62.  
Jernbanegata 13, Bryne. Funksjonalisme. SOB.



g. **Grand Hotel**, gnr 1/68, tidligare hotell og kafe, og butikklokale.  
Hulda Garborgs veg. SOB.



**h. Smia**, gnr 1/28, Storgata 35, Bryne. Tidlegare bustadhus og smie. SOB.



**i. Holmen** - bedriftsbygning og kontorlokale, gnr. 1/53 – i Bryne sentrum. Bygd som Jæderens Uldvarefabrik i 1896, modernisert i 1948. I Serigstadfamilien si eige som jordbruksreiskapsfabrikk og støyperi fra 1938 til det vart selt i 2004. Eldste industribygning i stasjonsbyen. Føreslege verna av Time kulturminnenemnd i 2004.  
SOB.



**j. Nerdal** – bustad- og kontorbygg i Bryne sentrum, gnr. 1/173. ”Haualandshuset”, etter tidlegare eigar, vart bygd i 1918. Teikna og bygd av byggmeister Reier Time. Tidlegare husvære, frisørsalong og kafe, nå kontor og utleigehusvære. Gjennomgåande restaurert av Reier Carlsen. Kulturvernprisen 2003.  
SOB.



**k. Knudaheio**, Undheim, gnr. 46/21, obj. 1121/005/095. Sommarhuset til diktaren Arne Garborg. Bygd i 1899. Lite jærhus med 2 skutar. Autentisk grunnform og - plan. Til Time kommune i 1924. SEFRAK A (19) og SOB

## 2. HØGT PRIORITYTERTE KULTURMINNE FRÅ NYARE TID I TIME.

### 2.1. BYGNINGAR OG ANLEGG I VERNEKLASSE SEFRAK A



### 2.1. BYGNINGAR OG ANLEGG I VERNEKLASSE SEFRAK A

**1. Norabakken** - kontorbygg i Bryne sentrum, gnr. 1/141, obj. 1121/001/026. Bygd ca. 1920 som apotek/bustad av apotekar Arff. Ein spesielt fin representant frå tida i ei blanding av klassisisme og seinbarokk. Nær på autentisk grunnform. Markert etasjeskilje. Ein del originale detaljar i eksteriøret. Gjennomgåande restaurert av Ole Helmer Sjo frå om lag 1970. Prioritert kulturminne i Fylkesplan for kulturminne.

Kulturvernprisen 2005.

SEFRAK A

**2. Bryne Mølle** - industribygning i Bryne sentrum, gnr. 1/179, fnr. 1; obj. 1121/001/029. Tidstypisk industriarkitektur frå 1929. Monumentalt bygg med enkle, reine linjer og klassisistiske detaljar i eksteriøret. Autentisk grunnform, delvis også -plan. Til Time kommune i 1989.

SEFRAK A og SOB

**3. Solheim** - bustadhus i Bryne sentrum, gnr. 1/134, obj. 1121/001/031. Sveitserstilvilla frå ca. 1910-12. Autentisk grunnform. Grunnplan ukjend. Svært fine, originale utskjeringsar i gavlane, på mønespir, ved inngangspartiet og ved utgangen frå glasverandaen. Delvis jugendvindauge. Få bygningar av denne typen igjen i original form. Kulturvernprisen 2007. SEFRAK A

**4. Solvang** - "1900-huset" - skulehus i Bryne sentrum, gnr. 1/71, obj. 1121/001/037. Brynes andre skulehus, bygd i 1900 (det første var "Barkvedhuset"). Stor grad av autentisitet. Nyare tilbygg. Symmetrisk fasade med spissgavl over inngangspartiet. Time kommune.

SEFRAK A



**5. Elverhøy** - Haugstadhuset, bustadhus i Bryne sentrum, Gnr. 1/123, obj. 1121/001/047. Spesielt fin sveitservilla. Tidlegare disponentbustad for Jæren Uldvarefabrik (1895), bygd ca 1915. Fine utskjæringer i gavlane. Delvis jugendvindauge. Autentisk grunnform. Plan ukjend. Forslag om vern er oppheva i Sentrumsplan for Bryne 2007-2018.

SEFRAK A

Bygget er ikkje bandlagt, men SEFRAK-statusen består. Det betyr at RFK kan fremja motsegn mot riving, flytting eller vesentleg fasadeendring.



**6. og 7. "Træ"**, bustadhus og driftsbygning på Line, gnr. 5/24, obj. 1121/002/032. Bygd på 1780-talet i naturstein og laft med pannetak. Tidlegare husmannsplass og kårstove. Lite jærhus, samanbygd med løe/fjøs med skut i enden av bustaddelen. Torvtak på driftsbygning obj. 1121/002/033. Autentisk grunnform og plan. Stor verneverdi som husmannsplass og kårstove.

SEFRAK A



**8. Jærhus**, Haugland, gnr. 8/1, obj. 1121/002/035. Midtre delen frå 1700-talet. For øvrig bygd på 1800-talet. Autentisk grunnform. Skutane er nå del av buareal. Bortsett frå det er grunnplanen nær på autentisk i forhold til utbygginga på 1800-talet. Ein del uheldige vindaugeutskiftingar og -innsetjingar, særleg i skutane.

SEFRAK A



**9. og 10. Gardsanlegg**, Serigstad, gnr. 20/7, obj. 1121/003/010. Jærhus med to skutar frå ca. 1850. Midtgangshus med endekammers, jærhus av den såkalla utvida typen. Stor grad av autentisitet. Driftsbygning, obj. 1121/003/009. Bygd ca. 1850, delvis i tegl, delvis i naturstein. Nær på autentisk grunnform og -plan. Autentisk miljø saman med uthus, steingardar, tuntre og driftsbygning.

Kulturvernprisen 1998. SEFRAK A



**11. Prestaveien**, gnr. 23/1 m.fl., obj. 1121/003/024. Lye var prestegard i Time frå ca 1330 til 1932. Fram til 1926 var Gjesdal kyrkje anneks til Lye prestegjeld.

Prestaveien går frå Lye over Åsen og Edland til Gjesdal, og var fram til 1837 rideveg for presten - og "tilhaldsstad for skrubben". I 1837 vart han utbetra til køyreveg.

I 1875 vart vegen utbetra på ny. Kommisjonsmedlemmer frå Gjesdal måtte til Lye på møte, og trengde vegen. Det er 18 km frå Lye til Gjesdal kyrkje. Avstanden mellom kyrkjene er 20 km. Turveg frå 2003. SEFRAK A



**12. Steinar** - feste for hestar langs vegen på nordsida av Time kyrkje, gnr. 17/19, obj. 1121/003/032.

Hellesteinane er festa i bakken, og har eit høl øvst til å festa bindetauet i. Her stod hestane medan eigarane var i kyrkja.

SEFRAK A



**13. Fotland kraftstasjon**, Fotland, gnr. 16/2, obj.

1121/003/046. Representativ og tidstypisk industriarkitektur, bygd i 1915. Verneverdi også som del av miljø med mølle, restar etter bru og ruinars etter, og restaurerte kvernhus. Til Time kommune i 1972.

SEFRAK A



**14. Fotland Mølle** - 2 kvernhus, mølle, torvhus -

Fotland, gnr. 58/9, obj. 1121/003/048. Miljø med kvernhus, mølle og ruinars av kvernhus og torvhus. Verneverdi også som del av miljø ved Fotland kraftstasjon. Til Time kommune i 1972.

SEFRAK A



**15. Garborgheimen**, Garborg, gnr. 62/13, obj. 1121/005/005. Bygd 1848. Diktaren Arne Garborg sin barndomsheim. Jærhus med midtgangsplass og to skutar. Endevegg på eine skuten i naturstein. Autentisk grunnform og -plan. Freda i 1939. Til Time kommune i 1940. SEFRAK A



**16. Bustadhus** – Undheim, gnr. 46/17,116, obj. 1121/005/039. Jærhus utan skutar av den såkalla “utvida” typen. Tofamiliehus med to inngangsparti, begge med bislag med spissgavl. Bygd ca. 1790. Vart flytta i 1876 og samtidig utvida. Tidlegare 2 skutar som vart rivne i 1957. Autentisk grunnform og -plan. Ny vindaugestype bryt med det opphavlege. SEFRAK A



**17. Bustadhus/tun** – ved Tjålandsvatnet, gnr. 49/2, obj. 1121/005/072. Bygd ca. 1780. Lite jærhus, med ein skut i naturstein. Autentisk grunnform og -plan. Driftsbygningen inntil bustadhuset i eine hjørnet. Kulturlandskap og steingardar i området rundt tunet. Bygningane viser både byggeskikk og byggematerial som var vanlege på 17- og 1800-talet. Bygningane er i svært dårleg stand. SEFRAK



